



PETROLEUMSTILSYNET

Equinor Energy AS
Postboks 8500 Forus

4035 Stavanger

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2017/1091/TES

Dato
2.10.2018

Samtykke til bruk av Snorre B utover opprinneleg levetid

Vi viser til dykkar søknad om samtykke til forlenga levetid for Snorre B på feltet Snorre.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25 fjerde ledd bokstav d, blir det gjeve samtykke til forlenga drift av Snorre B med tilhøyrande røyr, stigerøyr og undervasstrukturar til 31.12.2040.

Samtykket blir blant anna gjeve på bakgrunn av dokumentasjonen som er sendt inn i forbindelse med søknaden, tilsynsaktivitetar og møter.

Behandlinga av søknaden om samtykke blir koordinert av oss, sjå rettleiinga til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden sendt til Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Rogaland. Miljødirektoratet si tilbakemelding er ei samla vurdering for Snorre A og Snorre B. Kommentaranne og vurderinga deira av søknaden går fram av vedlagde brev. Fylkesmannen i Rogaland har ingen innvendingar til at det blir gjeve samtykke til forlenga levetid for Snorre B under føresetnad om at identifiserte avvik i tilsyn frå mai 2018 blir lukka.

Vedtaket kan klagast på etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå mottak av dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til oss. Nærmare opplysningar om klageåtgangen kan de få hjå oss.

Vedtaket skal gjerast kjend for arbeidstakarane sine tillitsvalde, deriblant verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Marius Auflem e.f.
tilsynsleiar

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: 2